

Mental Helse Sauda v/leder

Mental Helse Suldal v/ leder

Dykkar ref:

Vår ref:

2018/2092 - 26894/2018

Sakshandsamar:

Kenneth Eikeset tlf 52732700

Dato:

27.08.2018

## Psykologteneste i Sauda og Suldal

Viser til dykkar brev av 7.11.2017.

Styret i Helse Fonna er orientert om brevet i styremøte den 17.11.2017.

Haugaland DPS har ansvar for å tilby spesialisthelsetenester innan Psykisk helsevern i Sauda og Suldal kommune.

Det er ein utfordring for pasientar frå Sauda og Suldal kommune å måtte reise til Haugesund for å motta poliklinisk behandling. Som eit resultat av dette er det etablert ein utepoliklinikk i Ølen der personell frå allmennpsykiatrisk poliklinikk er tilstades kvar tirsdag og personell frå psykosepoliklinikk er tilstades kvar torsdag. Så langt det lar seg gjere prøver ein å setje opp pasientar frå Sauda og Suldal til konsultasjonar på utepoliklinikk Ølen. I tillegg driv psykosepoliklinikk ved HDPS ambulerande verksemd og følgjer opp pasientar i heimkommunen når dette er indisert.

HDPS har etablert vegleiingsordning der to spesialister reiser ein gong kvar månad til vekselvis Sauda og Suldal kommune og har vegleiing med kommunehelsetenesta. Til Sandeid Fengsel gir Haugaland DPS vegleiing fast ein gong pr. månad. Det vert og drive gruppetilbod i fengselet i regi av dedikert personell fra ungdomseininga ved Karmøy DPS i samarbeid med kommunehelsetenesta.

Det er ynskelig å utvide tilbudet ytterligare for å sikre best mogleg spesialisthelsetenester for befolkninga i Sauda og Suldal. HDPS har derfor på systemnivå etablert eit samarbeid med kommunelege Hellesten i Suldal der ein ser på korleis

ein kan sikre enno betre helsetenester for befolkninga i Suldal og Sauda. I denne prosessen vil det vere naturleg å trekkje inn brukerrådet ved HDPS i det vidare arbeidet.

Vennleg helsing



Olav Klausen  
Administrerande direktør